

Scott – den tredje bestefar

Det hadde seg slik at en av Gabriel Scotts beste venner var kunstmaleren August Jacobsen, og et av Jacobsens barnebarn het Bjørg Sandve. I sin bok «Farvel rullestol!» gitt ut på Samlaget, gir hun glimt inn i forholdet de to vennene imellom og i sitt eget forhold til Scott. Hun kalte ham sin tredje bestefar. Ham hadde morfaren August Jacobsen skaffet henne. August og Gabriel hadde vært bestevenner fra ungdommen av, selv om August var seks år eldre. De to provinsboerne, som ble så store kunstnere, lærte å holde sammen i hovedstaden. Senere delte de ambisjonen om å få den sterkt leddgiktramme mede Bjørg Sandve ut av rullestolen og opp å gå. Hun ble invitert fra Augusts hjem på Jæren til sommerferier hos Gabriel og Birgit i Maagereiret og fikk mange gode opplevelser. Her lar vi henne selv fortelle, først og fremst om Gabriel, men også litt om Birgit, i den jærske språkdrakt hun brukte:

Han ja, det var jo først og fremst han eg kunne takka for at eg hadde fått slike gode vene og var komen like hit. Han gjorde nå sitt og vel så det for at ferien skulle verta vellukka. Bestefar skreiv alltid om føremiddagen, men så å seia kvar dag etter klokka 14 tok han meg med ut i motorbåten sin. Av og til tok han også med dei i veneflokken som hadde tid og høve til å vera med. «Jan van Gent» heitte båten hans. Den var stor og romsleg. Scott var flink med motorer, mitt uerfarne blikk let seg i alle fall imponera, men han var jo teknisk utdanna i ungdomen. Lange turar rundt heile øya töffa me, og eg likte meg svært godt i båt. Sørlandet har på mange måtar vorte mitt lykkeland. Alle turane i båt i lag med Scott og venene hans gav meg ikkje berre hygge, men også livsmot.

I det gamle koselege skipperhuset kloss i sjøkanten, som han kalla «Maagereiret», hadde han og fru Birgit skapa ein triveleg heim. Der koste eg meg òg godt. Dei hadde samla så mykje fint og artig – frå spansk keramikk til Goethes dødsmaske. Og på veggene hang det fine biletene. Fleire av dei var sjølvsgått måla av morfar, m.a. «Hertervig in memoriam». Det var gripande – og det høvde til å hengja i nett skrivestova til Gabriel Scott,

forsvararen til dei fattige og veike. Der Lars Hertervig sit gammal og trøytt etter dagens strev med vedsaginga, minner han meg om den gamle vedmannen i Scotts «Det gylne evangelium», noko av det finaste og mest hjerte-takande i denne mi yndlingsbok. Når det gjeld morfar hadde han aldri møtt den store kunstnaren Lars Hertervig, som budde i heimbyen hans då han voks opp. Men den tragiske lagnaden hadde gjort sterkt inntrykk på han og hadde inspirert han til dette biletet.

Ein stor brannete katt som bar tydelege spor etter å vera ei slåsskjempe, var viktigaste personen i huset. Han hadde fått namnet Markussen. Hans mjau var lov i Maagereiret, så slik var ikkje Gabriel Scott annleis enn andre kattevener eg gjennom åra har kjent. Hunden føyer seg etter mennesket og mennesket føyer seg etter katten, ser det ut for. Men når diktaren ringde med ei bjølle, kom Markussen. Då var det mat å få, og sjølv den største helt og slåstskjempe kan vanskeleg greie seg utan. Men behaga det han ikkje å koma nett til måltidet, brydde han seg ikkje om at han uroa midt i skrivinga. Når han sette seg på veranda-rekkverket og banka med poten på ruta like ved skrivebordet, vart det straks opna for han.

Min tredje bestefar verka alvorleg. Kan henda litt morsk ved første augnekast – som menn med barter har lett for å gjera, endå hans bart ikkje var av det heilt barske og sure slaget som vender nedover. Likevel, ein må nok dra ørlite meir på smilebandet når andre skal sjå det når ein pyntar seg med slikt. Men eg skjøna fort at han var like hjartevarm og lun og humoristisk som breva hans vitna om. Og bøkene ikkje minst. Her var ein person der liv og lære harmonerte.

Gabriel Scott kom til å få like mykje å seia for utviklinga mi som morfar. Alt same året han hadde byrja å ta seg av meg, kom han på vitjing. Men sjølvsgått ikkje berre for mi skuld. Det var om hausten like etter at morfar var komen til oss. Han stansa ei vekes tid og delte dagane mellom morfar og meg. Morfar høyrdе dårleg, og når han var trøytt av å snakka med han, kom han til meg – eller me sat saman alle. Når me var åleine, kunne me kvila oss. Me prata om laust og fast, eller me løyste kryssord i hefte som han gjekk til stasjonsbyen og kjøpte. Eg hadde nett fylt atten år.

Denne sommaren kom Birgit Scott også til oss, for første gong. Ho var meir enn 20 år yngre enn mannen, så eg kunne slett ikke få meg til å kalla henne for «bestemor», slik som min tredje bestefar ville. Men med tid og stund kom me fram til kompromisset «tante», og ho var ei god tante for meg. Ho var ei myndig og korrekt dame i all si ferd, rettlinja, men venleg og ansvarleg.

Eg har nå og då skrive vers frå «Fiskevisen» av Gabriel Scott bak på tallerkane mine, for at arkeologane skal få noko artig å lesa om nokre tusen år. Og mens eg skriv eller illustrerer fjerde strofa må eg alltid tenkja på tante Birgit, for i det var det at ho fekk passet påskrive som ung jente, fortalte ho ein gong. Foreldra hennar likte ikkje at ho hadde tenkt å dela livet med ein mann som var så mykje eldre og hadde eit så usikkert levebrød. Derfor gjorde ho det slutt med han. Om det var denne strofa som gjorde utslaget så det vart godt at, skal eg ha usagt:




«Og koljen er kjent for sin svarte flekk og
for hun er god å skrabe,
men best som hun er der så er hun vekk,
og så kan en sidde og gabe.

*Det samme er tilfelle med pigen på jord,
Kun at hun har flekken forinden:
En mand er en mand og et ord er et ord,
Men pigen omskifter som vindens».*

Likevel, kor mange i same stode ville ha oppmuntra sonen til å slå inn på ein så usikker leveveg? Korsom er, morfar snakka ofte med varme om mor si, og ei sjarmerande dame må ho ha vore. Det seiast at då borneborna drog frå byen, heldt venene deira kontakten og gjekk turar med den gamle dama, som vart 97 år.

Morfars bilete gav også den nye heimen atmosfære. Gabriel Scott hadde så hug til å sjå korleis me nå hadde fått det. Garborgheimen (barndomsheimen til Garborg) og diktarheimen Knudaheio ville han gjerne sjå att, og dit fekk han koma. Dette vart siste gongen han kom til Jæren, og også siste gongen me såg han. Då me kom til Tromøy neste sommar – me er nå komne til 1958 – var han nyleg død. Det var veldig å vera i Maagereiret utan han, men samstundes kjende eg meg også så rik og takksam som hadde fått vore «indianerjenta» hans

Morfar døydde i 1955. Tre og et halvt år før Gabriel Scott døydde fekk hans sokjande, gruvlande sjel fred. Eitt år etter arrangerte Stavanger Kunstforening stor minneutstilling som gjekk vidare til Oslo og andre byar. Han hadde fått førespurnader om utstillingar berre dei åra han budde hjå oss. Den store utstillinga eg hadde fått sjå av han då eg var knapt 11 år, hadde gjor eitt ugløymane inntrykk, men det var forgjeves eg seinare prøvde å få han til å takka og seie ja. Men nå var han vekke og kunne ikkje hindra det lenger. Avisene var fulle av lovord og kunne ikkje forstå at han ikkje var betre kjend. Slekt, som kjende litt meir til han, kunne kanskje forstå det betre, sjølv om hans eigen overfølsame og samstundes steile natur vel berre er ein del av årsaka. Han var godt utrusta på mange område, men forretningssans og evne til å markedsføra seg sjølv og kunsten sin, hadde han ikkje fått det minste av. Bileta skulle tale for seg sjølve, som rett og riktig var, men når han så sjeldan stilte dei ut, var det ikkje så lett for dei å tala heller.



Siste sjølvportrett av August Jacobsen 1950. Lukkelege meg som hadde ein slik morfar! Eg kjende meg aldri åleine i stova med hans biletet kring meg på veggane.

I høve 80-årsdagen hans i 1948 skreiv Gabriel Scott ein stor artikkel om han i «Kunst og kultur», der han kjem inn på dette: « Jacobsen er en tilbakeholden natur som trer villig til side for andre, og det var synd å si at han setter sitt lys på en stake.» Ja, forfattaren meiner at han kunne gjort Spinozas valspråk til sitt: «Elsk å vera ukjend..» I same artikkelen skreiv Scott om den gongen han saman med venene Thorvald Erichsen, Erik Werenskjold og Oluf Wold-Torne stilte ut i Göteborg og København. Avisene var fulle av lovord, salet minimalt, bortsett frå at Statens Kunstmuseum i København kjøpte to bilete av morfar. Dette kunne vere noko å glede seg stort over, men dét at dei tre andre den gongen vart forbigått og ikkje fekk samme gleda og ære, greidde han ikkje å forsona seg med. Desse to bileta er vel kan henda ei av årsakene til at han vart bedre kjend i København enn han ei tid var i Oslo.

Som så mange av oss andre var Bjørg Sandve funnet livslang inspirasjon i Gabriel Scotts livsvisdom og hjelpende holdning. For eksempel uttrykt som «Gode tanker, de er som korn der spirer og avler nytt korn» og «Verden har ikke flere savn enn at vi nådde å stille dem alle, om hver av oss rakte vår neste hånden og gav ham en håndhjelp hver dag!»

Kirsten og Thor Einar